
Notat

Til: Dagmar Ølnes Lotsberg

Kopi:

Frå: Ordfører

Arkivkode	Arkivsaknr.	Løpenr.	Dato
MTR 1/10	09/1030-21	11807/09	07.10.2009

Byggesak Idsø - Klage frå Lotsberg.

Ordføreren har tidlegare gitt orientering om klagesaka. Dette er ei privatrettsleg sak mellom 2 søstre og er såleis forvaltningsorganet uvedkommande, jf. vedtak i forvaltningsutvalet sak 43/09 og 78/09.

Omsøkte tiltak går inn under mindre tiltak etter § 86a i plan- og bygningslova. Etter handsaminga i forvaltningsutvalet i sak 43/09, er det ikkje til hinder å starta opp bygggearbeidet, då private rettar ikkje kan grunngjevast som avslag på byggesøknaden.

Det vert hevda at klagesaka var gjort ferdig for handsaming i forvaltningsutvalet i slutten av juni. Dette er ikkje rett. Grunna ferieavvikling både i politisk utval og i administrasjonen vart sakshandsaminga først klarert til handsaming for forvaltningsutvalet 17.09.09 for vedtak i møte den 24.09.09

Ølnes Lotsberg hevdar at ho er medeigar i omsøkte tiltak. Dersom Ølnes Lotsberg vil stoppa byggeprosjektet må ho reisa sak for domstolen for å hindra at bygggearbeidet vert gjennomført. Difor er det ein enklare framgangsmøte å klaga på forvaltningsutvalet sitt vedtak å påstå at dette er ikkje privatrettsleg tilhøve mellom dei 2 søstre, tross at det er kravd jordskifte mellom dei 2 eigarane. Forvaltningsutvalet har då også avvist klagen frå Ølnes Lotsberg i sak 78/09

Vi er samd i at handsamingstida kan vera lang under ferieavviklinga, men i denne saka som i andre saker er det ikkje avvik utover det som vert praktisert i ferieperioden.